

## Tilrettelegging for roing og padling på Rylandsvatnet

Møte: Rossland skule: onsdag 18. januar (kl.9,30- 11,30)

Sak:

Framlegg om for tilrettelegging ved Rossland skule for roing og padling på Rylandsvatnet Prakeringsplass, gangveg til vatnet, flytebrygge og anlegg med naust/båthus og servicebygg for idrett på vatn.

Til stade: Hogne Brunborg rektor -Rossland skule (møteleiar)  
Tore Johan Erstad - byggesak Meland kommune  
Ingrid Raniseth – plan Meland kommune  
Marius F. Knutsen – landbruk Meland kommune  
Audun Håland – Nordhordland Padleklubb  
Atle Bergseth – Kvernbit IL rogruppe - (referent)

Nordre Holsnøy idrettslag var og invitert til møte men kunne dverre ikkje møte med representant.

*referat til: - Nordre Holsnøy idrettslag, Kvernbit IL (hovudlag og rogruppe)  
Nordhordland padleklubb, Rossland skule  
Kommunale instanser Meland kommune ved møtedeltakarar.*

Bakgrunn: (informasjon ved Atle Bergseth, - interimstyre rogruppe Kvernbit)

Meland har sjø på alle kanter og store vatn veleigna for roing og padling. Sjølv om Allemannsretten gjeld i skog og mark og på sjø og vatn er tilgang frå land til sjø og vatn med kajakk, kano eller robåt eller seiljolle ikkje alltid like lett. Bryggjer, naustområde og marinaer er mange stader privat. Det er også mesteparten av strandlinna langs sjø og vatn.

*Med tilgang* er her meint: offentleg tilgang. Med *tilrettelegging* meiner ein: parkering, god gangveg fram til vannkanten og flytebryggje og *universell utforming*, dvs.- for rørslehemma, td. rullestolbrukarar.

*Aktuelt område – (drøfta i møtet og ved synfaring etter møtet)*

Del av kommunal eide dom aust for grusbana og gymsal/symjehall ved Rossland skule. ca. 5,5 mål mellom Skintveitvegen og vestenden av Rylandsvatnet. Mesteparten av arealet er tilgrodd og kan vel i dag nærmast reknast som utmark.

*Interessegrupper/lag:*

Rointeresserte i Kvernbit IL ynskjer betre tilgang til Rylandsvatnet og Storavatnet. På nevnte del av kommunale eide dom ved Rossland skule ved Rylandsvatnet ynskjer dei samarbeid med Nordhordland padleklubb, Rossland skule og Nordre Holsnøy idrettslag om eit anlegg for padling og roing ved Rossland skule i vestenden av Rylandsvatnet. Framlegget omfatter:

- opparbeiding av parkeringsplass
- gangveg ned til vatnet
- flytebrygge tilpassa padling og roing
- planering av areal for båthus/naust for idrettslaget og Rossland skule

I møtet ble det skissert planforslag. Arkitekt-teikna skisse, så vedlegg, er utarbeidd av arkitekt Magne Bergseth. Framlegget, til mogleg utforming er utarbeidd i etterkant av møtet.

Kommentar frå arkitekt:

Opparbeiding av anlegg kan skje gradvis/trinnvis etter behov. Ein kan starta med parkeringsplass, veg ned til vatnet og flytebryggje, som eit offentleg tiltak, deretter planere areal for naust og så byggja naust etter kvart som det er behov for det og ressursar som trengs. Ein kan f.eks. begynne med eit eller to naust. På teikninga har kvart naust rektangulær golvflat på 6x18m, tre meter høge langveggar og takvinkel på 30 grader.

Det er også teikna inn servicebygg for garderober, dusj, toalett lite treningsrom og sosialt rom.

Ifølgje kommunens representantar synast foreslårte tiltak å vera i godt samsvar med kommunale planer:  
Men må sjølvsgåt behandlast ved kommunal sakshandsaming og politisk

Sitater frå Kommunale planer som vart nevnt i møtet.

***Utdrag frå Temaplan for «Idrett, folkehelse og friluftsliv» 2014-2019***

**6.4.5 Kyst, sjø og svømming (utdrag av delpunkt)**

---- Ein må merke og legge til rette for rekreasjons-, raste og overnatningsområde for padlarar både på innsjøane og langs fjorden.

Trivselskomiteen i Meland har kanoar til utlån ved Hestdal og på Rossland ved Rylandsvatnet. Slike tiltak må vidareførast og ein må oppmode og bidra til å setje i stand fleire liknande tilbod.

**2.2 Universell utforming og tilgjenge**

Universell utforming av nye anlegg og tilrettelegging i dei eksisterande er eit grunnprinsipp for temaplanen. Planen inneheldt målretta tiltak for å støtte opp om arbeidet med å inkludere behovsgrupper, både innan den organiserte idretten og for deira hove til å drive eigenorganisert aktivitet.

***Utdrag frå Forvaltningsplan for Rylandsvassdraget***

Tiltak 6.6 Delmål og tiltak for friluftslivet i vassdraget og nedbørsfelt. Det er eit mål å styrke og leggja meir til rette for aktivt og mangfoldig friluftsliv i vassdraget og nedbørsfeltet.

Tiltak 2: Det skal etablerast toalettanlegg i tilknytting til framtidig parkeringsplass ved Vikebø/Rylandselva og Hestnesvika.

Tiltak 3. Det skal tilretteleggjast for å gå ut med kano/kajakk i nærleiken av parkeringsplassane.

***6.9. Delmål og tiltak for grupper med spesielle behov.***

Universell utforming vert lagt til grunn for alle aktuelle tiltak i planen.

Tiltak 2. Det skal tilretteleggast slik at også personer med nedsett funksjonsevne kan koma ut i kano/båt minst to stader i vassdraget.

Møtet på 18. januar var samråystes om fylgjande framlegg:

Inviterde idrettslag/ grupper og Rossland skule drøftar fremlegget. Dei kan så velja enkeltvis eller samla å bringa saka vidare med søknad til Meland kommunen om regulering av området til idrett og friluftsliv og med eit eventuelt anlegg for roing og padling knytt til området.

Anleggsutforminga må/bør vera slik at ålmenta har tilgang til parkeringsplass gangveg til vatnet og til bruk av flytebrygge ved utsetting/ilandtaking av kano, kajakk og robåt. Parkeringsplassen må og vera for brukarar av dei nye stiane i Skintveitmarka. Tilkomst og anlegg må ha universell utforming.

**Mandat: frå møtet**

Atle Bergseth samordnar vidare arbeid med saka, informerer om eige idrettslag Grunneigarlaget, oppdrettsanlegget «Salar» og nærmaste nabo til området.

Kommentar frå referent

Driftsleiar ved Salar bruk (Jørn Fanavoll) og leiar grunneigarlaget (Bjarte Skintveit) og Marianne Hellestvedt (naboeigedom Skintveitvegen 43 ) er i etterkant av møtet informert munnleg om møtet og kva saka gjeld.

Dei er glad for tidleg informasjon og er i utgangspunktet positive til foreslårte tiltak. Grunneigarlaget og Salar må sjølvsgåt drøfte dette internt i sine organ og

Referat: Atle Bergseth 9. febr. 2017

